

Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Skjåk kommune, Innlandet

Heimel: Vedtekte av Skjåk kommunestyre dd.m.2026 med heimel i lov 06. juni 2025 nr. 26 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 4 og forskrift 1. juli 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning § 16-1 andre ledd.

Kapittel 1. Generelle føresegner

§ 1-1. Føremålet med forskrifta

Forskrifta fastset utrekningssmåte og gebyrplikt for kommunen sine vass- og avløpsstenester. Forskrifta skal bidra til stabile forutsetningar for gebyrbereknungen.

§ 1-2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for alle som er definert som abonnentar jf. § 1-3 bokstav b, og gjer bestemmingar om utrekning og innbetaling av gebyr som abonnentane skal betale for kommunens vann og/eller avløpsstenestar.

§ 1-3 Definisjonar

I denne forskrifta meinast med:

- a. Eigedom: Fast eigedom registrert med eige gards- og bruksnummer, eige festenummer eller eige seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i høve til lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.
- b. Abonnent: Eigar eller festar av eigedom som er tilknytt kommunen sitt vass- og/eller avløpsanlegg, eller som er godkjend eller kravd tilknytt. Festar av eigedom skal stå som abonnent når gjenståande festetid da gebyrplikta oppstod var 30 år eller meir, eller festar har rett til å få festeavtalen forlenga slik at samla festetid vil kunne bli 30 år eller meir frå gebyrplikta oppstod. I burettslag er burettslaget abonnent. I eigarseksjonssameige er kvar eigarseksjon ein abonnent.
- c. Abonnement: Avtale mellom abonnent og kommunen om vass- og avløpsstenester gjennom tilknytning av sanitærinstallasjonar og private vass- og avløpsanlegg til kommunen sine vass- og avløpsanlegg. Det er ikkje ein føresetnad at avtalen er skriftleg. Avtale om tilknytning via privat fellesleidning vert rekna som abonnement.
- d. Sanitærinstallasjonar: Abonnenteigde røyr, installasjonar og utstyr innanfor husets yttervegg, som er tilknytt vass- og/eller avløpsanlegg.
- e. Privat vass- og avløpsanlegg: Abonnenteigde private leidningar (stikkleidningar) og utstyr utanfor husets yttervegg, som er tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsanlegg.
- f. Avløpsvatn: Både sanitært og industrielt spillvatn og overvatn.
- g. Bygg/bygning: Konstruksjon/byggverk med eige bygningsnummer i matrikkelen.
- h. Brukseining: Bygning eller del av bygning (lokale), til dømes bustad, kontor, verkstad og lager.
- i. Bueining: Brukseining som er definert som bustad eller bueining i matrikkelen. Som bueining reknast kvar og ei brukseining som har minst eitt rom og eigen inngang, og der ein har tilgjenge til vatn og toalett utan å gå gjennom anna brukseining. Det er ikkje eit krav at bueiningane er godkjente som separate bueiningar og/eller fysisk skilt frå andre bueiningar. Brukseining som er definert som bustad i matrikkelen blir alltid rekna som bueining.
 1. Utleigerom i ein privat bustad: Hybel eller utleigerom reknast ikkje som sjølvstendig bustad, sidan ein må gå gjennom andre sin bustad for å komme til eige rom.
 2. Hyblar i hybelbygg: Kvar hybel reknast som sjølvstendig bustad, sjølv om bebruarane deler viktige funksjonar som kjøkken og/eller bad. Kjøkken, bad og gang som deles av fleire bebruarar reknast som fellesareal og ikkje sin eigen del av andre sin bustad.
- j. Bustadeigedom: Eigedom med bygg som vert brukt til bustadføremål, medrekna fritidsbustad. Bygningstype 111–199 etter NS-3457.
 1. Fritidseigedom: Eigedom der alle bustadbygg er registrert som fritidsbustad i matrikkelen.
 2. Fritidsbustad: Registrert i matrikkelen med bygningstype 161–163 etter NS-3457.
- k. Kombinasjonseigedom: Eigedom med ei eller fleire bueiningar, i tillegg til ei eller fleire brukseiningar som ikkje er bustad. Eigedom med ei eller fleire bueiningar i tillegg til ei eller fleire bygningar for fiskeri eller landbruk vert klassifisert som kombinasjonseigedom. Om eigedomen er seksjonert etter lov om eigarseksjonar reknast kvar bustad- og næringsseksjon som eigne bustad- og næringsseigedomar.
- l. Næringsseigedom: Eigedom som ikkje er bustad, fritidsbustad eller kombinasjonsbygg. Bygg for offentlege føremål vert klassifisert som næringsbygg.
- m. Bruksareal (BRA): Bruksareal for eigedom som er registrert i matrikkelen og rekna med utgangspunkt i NS-3940.

§ 1-4. Generell gebyrplikt

Plikta til å betale vass- og/eller avløpsgebyr gjeld abonnentar med:

- Fast eigedom som er eller frivillig blir tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning, direkte eller gjennom privat samleleidning.
- Eigedom som kommunen i medhald av plan- og bygningsloven §§ 27-1, 27-2 eller § 30-6 har kravd tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning.
- Eigedom som det ikkje er hus på, når kommunen kunne kravd tilknytning til slike leidningar om det hadde vore hus på eigedomen, jamfør vass- og avløpsanleggslova § 4 tredje ledd.

Den generelle gebyrplikta gjeld også eigar av eigarseksjonar eller festa eigedom, som definert i § 1-3.

Første ledd bokstav b gjeld ikkje driftsbygningar i landbruket jamfør plan- og bygningsloven § 30-1.

§ 1-5. Gebyrtypar

Gebyrtypane er:

- Eingongsgebyr for tilknytning til høvesvis vatn og avløp.
- Årsgebyr for høvesvis vatn og avløp (summen av fast og variabel del).

I tillegg kan kommunen krevje betaling etter standardiserte satsar for kommunen sine kostnader ved avlesing av vassmålar, samt avstenging og påsetting av vassforsyning.

§ 1-6. Gebyrsatsar

Gebyrsatsane vert årleg vedteke av kommunestyret, og trer i kraft frå det tidspunktet kommunestyret avgjer.

Gebyrsatsane kjem fram av gebyrregulativet, og er tilgjengelege på kommunen sine heimesider.

§ 1-7. Arealutrekning metode

Dersom utrekninga av gebyr vert gjort avhengig av bustaden sin storleik, skal det vere bruksarealet rekna etter NS-3940 som dannar grunnlaget for gebyrfastsetjinga.

Som grunnlag for utrekning av gebyr tar kommunen utgangspunkt i opplysningane i matrikkelen. Opplysningar skal korrigeraast dersom dei er feilaktige.

Dersom eigedomen sine opplysningar i matrikkelen er mangelfulle, kan kommunen estimere arealet basert på gjennomsnittsoverslag basert på bygningstype. Abonnenten kan sjølv skaffe dokumentasjon på eigedomen sitt gebyrpliktige areal.

Kapittel 2. Tilknytingsgebyr

§ 2-1. Gebyrplikt

Gebyr for tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg skal betalast for:

- Tilknytning av eigedom.
- Tilknytning av eigedom som kommunen krev tilknytt, jf. pbl. §§ 27-1 og 27-2 og pbl. § 30-6.
- Eigedom med tilknytning som ikkje er godkjent

Tilknytingsgebyr for tilknytning til vatn og/eller avløp skal ikkje betalast for:

- Seksjonering av allereie tilknytt eigedom.
- Bygg som har mellombels tilknytning i opptil tre år, til dømes brakkerigg. Dersom tilknytninga varer i meir enn tre år, skal det verte kravd tilknytingsgebyr.
- Tiltak som utvidar eigedomen sitt gebyrpliktige bruksareal etter § 1-7.

§ 2-2. Utforming av gebyra

Tilknytingsgebyret er eit eingongsgebyr og vert betalt etter fastsette kategoriar i gebyrregulativet.

Om kommunen overtek private vatn- og/eller avløpsanlegg kan kommunen fastsetja særskild sats i det enkelte tilfellet.

Eingongsgebyret for tilknytning skal utgjere eit fast beløp per eigedom.

§ 2-3. Ansvar og betaling

Den som er abonnent på det tidspunktet gebyrplikta oppstår, er ansvarleg for betaling av gebyret. Dette gjeld også der faktura for tilknytingsgebyr opphavleg er sendt til ein utbygger, tiltakshavar eller andre, dersom gebyret står ubetalt på tidspunktet for den fysiske tilknytninga til kommunens vann- og/eller avløpsleidning. Kommunen vil varsle abonnenten om ubetalt tilknytingsgebyr på eigdommen så snart abonnenten er kjent for kommunen. Abonnenten er ansvarleg for å betale fakturaen dersom utbygger eller annan tiltakshavar ikkje gjer opp med kommunen innan ein nærmare fastsett frist.

Kommunen fakturerer gebyret samstundes som igangsettingsløyvet blir gitt, med den satsen som gjeld på faktureringsstidspunktet. For eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjend, vert tilknytingsgebyr betalt etter gjeldande sats på det tidspunktet kravet vert framsett eller foreldingsfristen sitt utgangspunkt, jamfør foreldelsesloven § 3.

Tilknytingsgebyr skal vere betalt før tilknytning.

Forfalle krav på tilknytingsgebyr er tvangsgrunnlag for utlegg, og kan krevjast inn av kommunekasseraren etter reglane for innkrevjing av skatt, jamfør. Vass- og avløpsanleggslova § 6.

Kapittel 3. Årsgebyr

§ 3-1. Gebyrplikt

Årsgebyr skal betalast for alle eigedomar som:

- a. Er eller frivillig blir tilknytt kommunalt vass- eller avløpsanlegg, eller
- b. Blir pålagt tilknytning til offentleg leidningsnett, frå det tidspunkt då fristen for å foreta slik tilknytning i pålegget har gått ut, jamfør, Vass- og avløpsanleggslova § 4, andre ledd annet punktum.

Årsgebyr reknast frå den tidlegaste av dato for mellombels bruksløyve eller dato da eigedomen blei tatt i bruk i tilfelle der mellombels bruksløyve ikkje er gitt. For mellombels tilknytningar blir årsgebyr rekna frå dato for tilknytning til dato når tilknyttingen blir avslutta. For eigedom det ikkje er hus på, reknast årsgebyr frå tidlegaste tidspunkt kommunen kunne ha kravd tilknytning.

Gebyrplikta er uavhengig av om det er utandørs tappepunkt/vasspost eller om det er innlagt vatn.

§ 3-2. Gebyret sin oppbygnad

Årsgebyra for vass- og avløpsstenester er samansett av to delar:

- a. Abonnementsgebyr (fast del).
- b. Forbruksgebyr (variabel del).

Kor stor del av årsgebyret som skal vere fast og variabel del, vert kvart år fastsett i gebyrregulativet.

§ 3-3. Abonnementsgebyr

Bustadeigedom skal betale abonnementsgebyr som ein fast sats per bueining.

Fritidseigedom skal betale abonnementsgebyr etter fastsett sats per bueining i gebyrregulativet.

Nærings- og kombinasjonseigedom skal betale abonnementsgebyr etter fastsette kategoriar som speglar vassforsyningskapasiteten til den einskilde eigedom. Kategoriane kjem fram av gebyrregulativet.

Eigedom utan bygningar som kommunen kan krevje tilknytt etter § 1-4 bokstav c, skal betale abonnementsgebyr som ein fast sats etter reglane over.

Satsar kjem fram av gebyrregulativet.

§ 3-4. Forbruksgebyr

Abonnentane skal betale forbruksgebyr etter målt eller stipulert vassforbruk i m³. Både kommunen og abonnenten kan krevje at forbruksgebyret vert fastsett ut frå målt forbruk. Dersom forbruksgebyret allereie er fastsett ut frå målt forbruk kan dette ikkje reverserast slik at forbruket blir rekna ut etter stipulert vassforbruk.

Det vert ikkje gjeve nedsett forbruksgebyr for storforbrukarar av vatn.

Vassforbruk til sprinkleranlegg er ikkje gebyrpliktig.

Ikkje utbygd eigedom som ikkje er tilknytt skal ikkje betale forbruksgebyr.

Som hovudregel gjeld at avløpsmengda vert rekna lik vassmengda ved utrekning av forbruksgebyr. Unntak frå dette er nemnt i § 3-7 sjette ledd.

§ 3-5. Betaling etter målt forbruk

Forbruksgebyr skal betalast for rapportert årsforbruk. Følgande eigedomar skal betale etter målt forbruk og ha vassmålar installert:

- a. Næringseigedom, medrekna bygg for offentlege føremål.
- b. Kombinasjonseigedom, medrekna eigedomar med ei eller fleire bueiningar i tillegg til ei eller fleire bygningar for fiskeri eller landbruk.
- c. Anlegg med varig eller mellombels tilknytning i samband med oppføring av bygg eller anlegg. Dette gjeld også for anlegg på ein ikkje utbygd eigedom som kunne vore kravd tilknytt etter plan- og bygningsloven §§ 27-1, 27-2 eller § 30-6 dersom den hadde vore utbygd.

Dersom det ikkje er mogleg å installere vassmålar kan kommunen fastsetje eit stipulert forbruk.

For mellombelse tilknytningar kan kravet om vassmålar fråvikast dersom vassmengda kan verte fastsett på andre måtar.

§ 3-6. Betaling etter stipulert forbruk

Eigedom som ikkje har vassmålar, skal betale forbruksgebyr etter stipulert forbruk.

Stipulert forbruk reknast ut frå eigedomen sitt bruksareal, jf. § 1-7, eigedommane blir satt i intervall som gjer eit rekna stipulert forbruk. Intervalla kjem fram av gebyrregulativet.

Kommunen kan fastsetja særskilte intervall for fritidsbustader.

§ 3-7. Reduksjon av eller tillegg til årsgebyr

Restriksjonar på vassforbruket, avbrot i vassleveransen eller i mottak av avløpsvatn gjev ikkje grunnlag for reduksjon av gebyra.

Eigedom som står ubrukt eller fråflytta i meir enn eit år kan søke om berre å betale fastledd. Er bustad/bygg på eigedomen fjerna, eller øydelagd slik at den ikkje kan verte brukt, betalast berre fastledd inntil stikkledning er fråkopla (plugga) ved hovudleidninga. § 3-7 andre ledd første punktum gjeld ikkje fritidsbustadar.

Viss eigedomen er heilt fråflytta grunna flytting til sjukeheim eller lignande, kan det søkjast særskilt om reduksjon av gebyra til kommunen.

Viss eigedommen fysisk blir fråkopla frå kommunalt leidningsnett kan abonnenten søke kommunen om å betala årsgebyr for eigedom utan bygningar framfor ordinært årsgebyr for eigedomstypen. Det er kommunen som skal stå for fråkoplinga og abonnementet tek slutt når plombering er utført.

Ny tilknytning av eigedomen utløyser ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilknytning. Både arbeidet med å kople frå og ny tilknytning vert utført for abonnenten sin kostnad og etter kommunen si tilvising. Om kommunen utførar stenging eller påsetjing av vassforsyninga vil kommunen krevja betaling etter standardisert sats til dekning av dei forventa kostnadene for kommunen. Sats kjem fram av gebyrregulativet.

For eigedom som ikkje vert brukt som bustad, og der avløpsmengda er vesentleg større eller mindre enn vassforbruket, kan avløpsgebyret verte rekna ut frå målt avløpsmengd, eller verte fastsett etter særskild avtale med kommunen.

For eigedom der avløpsvatnet si samansetjing avvik frå vanleg hushaldsavløp og verkar fordyrande på drift og vedlikehald av kommunen sitt avløpsanlegg, kan kommunen fastsetje eit tillegg til avløpsgebyret til dekning av meirkostnadane. I slike tilfelle vert det inngått ein separat avtale mellom kommunen og abonnenten.

Viss avløpsmengda frå eigedomen er vesentleg mindre enn vassforbruket eit år, som følgje av lekkasje på det private vassanlegget (stikkledning for vatn), kan abonnenten søke om at kommunen fastset avløpsgebyret ut frå avløpsmengda frå året før. Søknaden må innehalde dokumentasjon frå godkjend røyrleggar som viser at lekkasjevænet ikkje er tilført privat avløpsanlegg (stikkledning for spillvatn). Abonnenten er sjølv ansvarleg for å skaffe denne dokumentasjonen.

§ 3-8. Gebyrreduksjon i medhald av forbrukerkjepsloven sine reglar om prisavslag

Abonnenten har rett til reduksjon i gebyr (prisavslag) ved feil eller mangel ved vassforsyninga i medhald av forbrukerkjepsloven sine reglar om prisavslag. Abonnenten har rett til redusert forbruksgebyr dersom ikkje-varsla avbrot i vassforsyninga varer i meir enn 24 timar.

Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen er skulda forhold på kommunen si side, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Kommunen pliktar å bidra til å avklare ansvarsforholdet.

Generell tilråding om kokning som tryggleikstiltak etter trykkfall som følgje av reparasjon, spyling, brannsløkking mv., gjev ikkje gebyrreduksjon.

Krav om redusert gebyr må verte fremja innan to månader etter at forholdet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon.

Sats for gebyrreduksjon vert fastsett i gebyrregulativet.

§ 3-9. Pålegg om utbetring

Kommunen kan krevje dekt alle kostnadar direkte knytt til tiltak som følgje av at abonnent har unnlate å etterkome pålegg om å utbetre lekkasjar på eigedomen si vassleidning eller manglar ved avløpsanlegg eller sanitærutstyr. Ved omlegging eller utbetring av avløpsleidningar kan kommunen krevje at eigar av tilknytt stikkledning set i verk tilsvarande omlegging eller utbetring.

Gebyrpliktig som unnlèt å etterkome pålegg om utbetring av lekkasjar som medfører forureining kan verte kravd tvangsmulkt etter Vass- og avløpsanleggslova § 16.

§ 3-10. Ansvar for opplysingar om abonnement

Abonnenten skal melde frå til kommunen om endringar i abonnementsforholdet. Eventuelle feil som oppstår som følgje av at abonnenten forsømer denne plikten blir løyst i tråd med § 3-11 og § 3-12.

§ 3-11. Ansvar for gebyra

Abonnenten har ansvar for betaling av årsgebyret, uansett om gebyrkravet er retta mot abonnenten eller annan rekningmottakar.

Abonnentar som samarbeider om felles vass- eller avløpsmålar, er solidarisk ansvarlege for gebyra. Gjeld slikt samarbeid eit sameige etter eierseksjonsloven, er kvar abonnent ansvarleg for ein del av gebyret i samsvar med sin eigarpart, dersom ikkje anna fordeling er fastsett i sameiget sine vedtekter eller bindande vedtak i sameiget.

§ 3-12. Retting av feil gebyrutrekning

Har mangelfulle eller feil opplysingar ført til feilaktig utrekning av gebyr, skal utrekninga rettast og differansen verte gjort opp. Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, vert normalt ikkje dekt. Krav vert normalt forelda etter tre år, jf. foreldelsesloven § 2.

Kapittel 4. Innbetaling av årsgebyr

§ 4-1. Innbetaling

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedomen etter panteloven § 6-1. Gebyra kan verte kravd inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr vert innkravd på felles faktura.

Når ein abonnent får installert vassmålar gjeld reglane for stipulert forbruk frem til dato for installasjon av målaren forutsett at denne er godkjend av kommunen etter reglane i § 5-2.

Faktura vert sendt til abonnent, eller til annan rekningsmottakar etter avtale.

Eigedomar med felles vassmålar og som har avtalt med kommunen at dei skal fakturerast felles, vert fakturert via ein eigar/festar av eigedomen eller særskild avtalt rekningsmottakar.

Årsgebyra vert kravd inn over eit tal terminar som vert fastsett i gebyrregulativet.

§ 4-2. Manglande innbetaling

Dersom årsgebyret ikkje er betalt innan ein månad etter at den gebyrpliktige har motteke andre gongs varsling om innbetaling, kan kommunen stengje den kommunale vassforsyninga til eigedomen så framt kommunelegen ikkje motset seg avstenginga.

Kommunen kan krevje betaling frå abonnent for å dekke kostnadene i samband med stenging og påsetjing av vassforsyninga. Satsen for betaling kjem fram av gebyrregulativet.

Kapittel 5. Føresegner for installasjon og bruk av vassmålar

§ 5-1 Målartypar

Føresegnene for vassmålarar gjeld tilsvarande for eventuelle avløpsmålarar. Føresegnene gjeld for vass-/avløpsmålarar med fjernavlesing så langt dei passar.

§ 5-2. Installasjon

Kommunen avgjer kor mange vassmålarar den einskilde eigedom skal ha, og dessutan type, storleik og plassering på vassmålar.

Kommunen skal godkjenne den som skal stå for installasjon og vedlikehald, og dessutan eventuell flytting, utskifting eller fjerning av målar.

Dersom eksisterande eigedom med vassmålar vert oppdelt i nye eigedomar, skal kvar av de nye eigedomane ha eigen vassmålar.

Abonnentar kan samarbeide om felles vassmålar der det vil vere særleg kostbart å installere eigen målar for kvar eining. Årsgebyr vert fordelt på abonnentane etter reglane i § 3-11 andre ledd.

Nye abonnentar skal installere vassmålar.

Pålagt vassmålar for ny eigedom skal vere installert seinast når det vert gjeve mellombels bruksløyve eller eigedomen vert teke i bruk, og for eksisterande eigedom når den vert tilknytt. Dersom dette vert unnlate, skal abonnenten betale stipulert årsgebyr etter § 3-6.

For installasjon og bruk av vassmålar gjeld elles forskrift om krav til vassmålarar og kommunens tekniske bestemmingar.

§ 5-3. Eigarforhold og kostnader

Ved installasjon av ny vassmålar skal kommunen stå som eigar av denne. Installasjonskostnader vert dekt av abonnenten.

For anskaffing og vedlikehald av vassmålar vert det betalt ei årleg leige. Pris for leige av vassmålar kjem fram av gebyrregulativet.

Dersom ein vassmålar vert borte eller skadd, skal abonnenten omgåande melde dette til kommunen. Kommunen tek atterhald om retten til å krevje full erstatning for tap eller skade.

§ 5-4. Avlesing av vassmål

Abonnenten skal lese av vassmålaren så nær fastsett tidspunkt for avrekning som mogleg og sende resultatet til kommunen innan fastsett frist. Tidspunkt for avlesing vert fastsett i gebyrregulativet.

Unnlèt abonnenten å lese av vassmålaren kan kommunen etter purring fastsetje årsgebyret etter skjøn.

Dersom abonnenten unnlèt å foreta avlesing kan kommunen sjølv setje i verk avlesing utan ytterlegare varsel til abonnenten og krevje særskild betaling for å dekkje kommunens kostnader med dette. Satsen for betaling kjem fram av gebyrregulativet. Satsen for betaling kjem fram av gebyrregulativet.

§ 4-4 første og andre ledd gjeld ikkje abonnentar med fjernavlesing av vassmål.

§ 5-5. Tilsyn og vedlikehald

Abonnenten skal halde vassmålaren lett tilgjengeleg for avlesing, tilsyn og vedlikehald.

Abonnenten skal føre tilsyn med vassmålaren. Abonnenten er også ansvarleg for å følgje med på forbruksutviklinga, slik at lekkasjar eller feil vert oppdaga snarast mogleg. Vert ein vassmål skadd eller går tapt, skal abonnenten straks melde frå til kommunen. Broten plombering av vassmålaren vert også rekna som skade.

Kommunen kan krevje erstatning for skadar abonnenten påfører kommunens anlegg, medrekna vassmålaren, i høve dei vanlege reglane om skadeserstatning.

Kommunen skal føre tilsyn med vassmålaren i følgje sitt eige internkontrollsystem. Kontrollør frå kommunen skal legitimere seg utan oppmoding.

§ 5-6. Avrekning ved feilmåling

Dersom vassmålaren ved kontroll viser større målarfeil enn grenseverdiane som er tillate etter forskrift om krav til vassmål, har abonnenten krav på tilbakebetaling av for mykje betalt årsgebyr som følgje av feilmålinga. Er plomberinga broten, har abonnenten ikkje krav på tilbakebetaling.

Tilbakebetalinga vert rekna frå det tidspunkt ein legg til grunn at feilen må ha oppstått.

Krav som er forelda etter foreldelsesloven, vert ikkje dekt.

Kommunen har krav på tilleggsbetaling etter tilsvarende reglar om målarfeilen har gjort at abonnenten har betalt for lave gebyr.

§ 5-7. Nøyaktigheitskontroll

Kommunen skal ha sitt eige internkontrollsystem for å sikre korrekte målarverdiar og skal gjere kontroll av vassmålarene i høve dette. Abonentane kan krevje kontroll av sin målar ved mistanke om feil.

Dersom kontrollresultatet ligg utanfor feilmarginen etter forskrift om krav til vassmål, vert det utført ei justering, eventuelt utskifting av vassmålaren, utan utgifter for abonnenten. Dersom abonnenten har kravd nøyaktigheitskontroll og det ikkje vert påvist feil utanfor feilmargin, vert kostnadane betalt av abonnenten.

§ 5-8. Utskifting og flytting

Er målenøyaktigheita for dårleg, bestemmer kommunen om vassmålaren skal verte justert eller utskifta. Når vanleg levetid for ein vassmål er nådd, kan kommunen bestemme at vassmålaren heilt eller delvis skal skiftast ut.

Kommunen kan krevje flytting av vassmål som er plassert i strid med kommunen sine krav til plassering. Abonnenten kostar på slik flytting.

Kapittel 6. Avsluttande bestemmingar

§ 6-1. Klage og omgjeri

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som er fastsett i samsvar med denne forskrifta, jamfør forvaltningslovens føresegnar.

Einskilde vedtak gjort i medhald av denne forskrifta, kan klagast til særskild klagenemnd, jamfør forvaltningsloven § 28 andre ledd.

Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er klaga inn.

§ 6-2. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 01.01.2027.

Frå same tid vert tidlegare forskrift om vass- og avløpsgebyr i Skjåk kommune oppheva.